



REFERAT	Dialogforum buss Vestland				
MØTELEIAR	Direktør Målfrid Vik Sønstabø				
MØTEDATO	11.11.2025	TID	10.00 – 11.45	MØTESTAD	Vestlandshuset / Teams
REFERENT	Jan-Petter Tvedt				
REF. DATO	11.11.2025	ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	<u>NHO Transport Vestland</u>: - <u>Fellesforbundet (FF)</u>: Johannes F. Moldung og Edvard Hartvigsen (Teams) <u>Yrkestrafikkforbundet (YTF)</u>: Kjell Nesheim og Terje Lykkebø (Teams) <u>Verneomboda</u>: Pål Stange <u>Skyss</u>: Målfrid Vik Sønstabø, Karl Inge Nygård, Hallvard Natvik, Gudrun Einbu, Rolf Fløtre Skogedal (Teams) og Jan-Petter Tvedt				
FRAVERANDE	<u>NHO Transport Vestland</u>: Pål Presttun, Jørgen Haukås og Lars Andreas Kårstad <u>Yrkestrafikkforbundet (YTF)</u>: Tore Even Øvretvedt <u>Verneomboda</u>: Arne Kjell Fimland				

Referat Dialogforum buss Vestland – 11. november 2025

Nr	Sak	Vedlegg
0	Velkomen og innmelding til eventuelt Skyss ved Målfrid Vik Sønstabø ønskte velkomen til møtet. Kort presentasjonsrunde av deltakarane. Agenda for møtet vart gjennomgått. Saker innmeld til eventuelt: 1. Fyllingsdalen terminal – kapasitet på regulering 2. Skyss vektarar – Ruter modell? 3. Rutetidar og fastsetting	
1	Referat frå Dialogforum 9.september 2025 Referatet vart sendt ut 22. september 2025. Referat godkjent.	https://www.skyss.no/dialogforum



2	Nytt frå Skyss – orienteringar Målfrid orienterte om aktuelle saker frå Skyss. 1. Status økonomi og budsjett Målfrid orienterte overordna om budsjett 2025 der kollektivtrafikken finansierast med 3.7 MNOK av fylkeskommunen, med samla brutto kostnader på 5.6 MNOK og brutto inntekter på vel 1.9 MNOK. Dei neste åra vil finansieringsbehovet til fylkeskommunen auke grunna m.a dyrtid»/høg inflasjon, pandemi som har påverke billettsal negativt, Bybane linje 2, elektrifisering nye anbod, dyrare kontraktar generelt samt auka vedlikehald infrastruktur bybane. Målfrid orienterte om budsjettforslag og prosess 2026 som legg opp til både auka bruttokost med samla 6 MNOK - samt auka brutto inntekt ved prisjustering og takstendringar på snitt 4% til 2 MNOK i samla inntekter. Avslutningsvis peika Målfrid på det positive i at Skyss både i budsjett 2025 og i budsjettprosess 2026 har fått budsjett som går i balanse med dagens produksjon, men at ein i perioden etter 2026 og frem mot 2030 må kunne pårekna søkelys på både kutt og sparetiltak. 2. Status kundeutvikling Alt i alt viser reisetala i Vestland ei stabil positiv utvikling i 2025 med ei auke siste 9 månader på samla vel 2,4% for buss, og Skyss er nøgd med passasjervekst både på buss og bane. I område for byvekstavgift viser tala for påstigande ei vekst på 1,5% i perioden januar til oktober, og tala ber nok preg av at biltrafikken aukar grunna gunstige bompengar og parkeringsavgift på elbilar.	 Presentasjon Dialogforum 11.11.2 Sjå vedlegg. Sjå vedlegg. Skyss
---	---	--



	3. Vedtak om avvikling av trolleydrift Skyss v/ Karl Inge presenterte status på utfordringa der Bybanen AS har avdekka behov for betydeleg oppgradering av Trolley infrastruktur på Landåssida, der det kommande år ville måtte investerast betydelege beløp dersom trolleydrifta skulle kunne oppretthaldast på ein trygg og sikker måte. Saken var oppe i fylkestinget 1/10-25, og Fylkestinget ba fylkesdirektør jobbe med ei styrt avvikling av trolleybusstilbodet i Bergen, fortrinnsvis innan utløp av rutepakke Bergen sentrum. Det er pågåar dialog mellom Skyss og Tide Buss om oppfølging av vedtaket.	Skyss og Tide
3	Uteståande saker – avklaringar og status Skyss v/Hallvard og Gudrun presenterte kort status på uteståande saker frå tidlegare møter: 1. Lågentre og prioritet ved kapasitetsutfordringar • Det vert jobba med presisering av retningslinjer for ulike behov - rullestol, barnevogn, bagasje, prioritering og sikring • Arbeidet med å tydeleggjere retningslinjene på Skyss sine nettsider og i kurs og opplæringsmateriell for sjåførar, er i gang • Målet er å etablere retningslinjer som gjeld på tvers av ruter og vogntypar. Desse blir forsøkt utforma slik at dei reisande enkelt kan forstå kva som gjeld, og slik at sjåførane kan bruke dei som støtte i møte med passasjerar. 2. Betre informasjon rundt dei nye bestillingsprodukta • Operatørar må ta sterkare eigarskap til tenesta og sikre at riktige skift er planlagt i teknologi for bestillingstransport	Sjå vedlegg Sjå vedlegg



	a. Skyss erfarar at manglar her gir dårleg kundeoppleving • Mange tenester går til områder med få innbyggjarar og vil ha avgrensa bruk • Pris er standardisert - Tenesta blir i større grad standardisert a. I dag lever nye og gamle tenester side om side og dette er forvirrande for kunden • Informasjon og kommunikasjon til kommuner er standardisert • Auka digital synlegheit kjem når Skyss fra våren 2026 går over til ein felles kundeapplikasjon Kort diskusjon rundt ulike bestillingsproblem både på prosess, system og materiell. Desse sakene vil alle bli tatt vidare både på system- og kontraktsnivå. 3. Hop-on-Hop-off på Torget • Utfordring med stopp på Torget, og ønske om at Skyss bidreg med å få endra perrong for desse kommersielle turistbussane. • Status - ikkje nytt å melde frå Skyss p.t	
4	Spørsmål frå tillitsvalde og verneombod Skyss hadde motteke innspel til fleire saker frå YTF v/Frank Christensen og Kjell Nesheim – sjå vedlegg. Kjell Nesheim presenterte sakene i møtet. 1. Behov for oppholdsrom og bedre toalettfasiliteter på Nesttun parkeringsplass a. Skyss v/Gudrun orienterte rundt historikk og kompleksitet på- og ved Nesttun terminal, reguleringsplaner og sjåførfasiliteter. Skyss har i lang tid jobba for betre løysingar inn i aktuelle reguleringsplanar for området, utan at dette har funne si løysing. Bergen kommune er eigar av arealet, og VLFK Eigedom leiger areal hos kommunen. VLFK Eigedom setter ut toalett og operator står etter kontrakt for drift av toalettfasiliteter. b. VLFK Eigedom har dialog med Bergen kommune om å etablere bedre sjåførbrakke, og Skyss vil spele inn sjåførbehov til VLFK	 Saker til Dialogforum 11.11.2



	Eigedom. Målsetting er ei løysing i 2026, utan at vi kan love dette. 2. Døgnhvilebusser på Terminal Sør – behov for bedre plassutnyttelse og informasjon a. Skyss har dialog med VLFK Eigedom om korleis vi kan få til betre etterleving av skilting på Bergen busstasjon. b. Skyss vil ta kommunikasjon med dei kommersielle aktørane om etterleving av skilting – som tilseier kun korte opphald på terminalen. 3. Gjentatte og uløste utfordringer i enkelte av anbudskontraktene i Skyss a. Skyss hadde i forkant av møtet vist til at konkrete saker (rutetider, mv) knytt til busskontraktene ikkje skal være tema i Dialogforum men primært løysast innanfor den kontrakt utfordringa gjeld. b. Kjell Nesheim viste til at eksempla frå Tide Vest kontrakten er ei felles utfordring for bussbransjen og alle kontraktar, og ba Skyss om hjelp til å løyse slike komplekse utfordringar som påverkar sjåførane og deira kvardag. Kjell fekk støtte frå både verneombod Stange og Fellesforbundet v/Moldung i utfordringa. c. Skyss v/Gudrun Einbu tar initiativ til eige Temamøte Ruteplan på leiarnivå i Vest kontrakten for å sjå nærmare på dei utfordringane YTF la fram. 4. Kontantfrie busser i Skyss området a. Skyss v/Målfrid gav ein overordna status på kontantfrie bussar og Skyss si vurdering av dette. b. Målfrid svarte YTF at Skyss skal vurdere innspelet i lys av endringar i lovar og reglar, og at ein skal ta dette med vidare spesielt inn mot bussenbud Bergen 2030 vurderingar.	
--	--	--



5	Status bussanbod Skyss v/Karl Inge orienterte om pågåande bussanbod og status på desse. Kort oppsummering – anbod generelt pr oktober 2025: Bussanbod 2026 (Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland) • Arbeid med implementering pågår Bussanbod Nordhordland 2027 • Høyring på konkurransegrunnlaget gjennomført • Kunngjering av konkurranse svært nærstående Bussanbod Bergen (Bergen nord, Bergen sentrum, Bergen sør og Vest) • Avklaring av strategiske føringar for framtidige kontraktar pågår ○ Politisk orientering om kostnadsauke ○ Plan for vidare førebuingarbeid	Sjå vedlegg. Skyss
6	Eventuelt 3 saker var meldt inn til eventuelt: 1. Fyllingsdalen terminal – kapasitet på regulering a. Verneombod Pål Stange peika på Fyllingsdalen terminal som ei utfordrande plass å regulere, og utfordra Skyss på om tomta til nytt kulturhus kunne vært nytta fram til evt bygging blir satt i gang på tomta. b. Skyss v/Gudrun tar innspelet vidare. Det blir arbeidd med moglege tiltak på terminalen, men i hovudsak knytt til andre problemstillingar enn kapasitet. 2. Skyss vektare – vurdere Ruter modell? a. Fellesforbundet v/Johannes Moldung etterspurde om Skyss ville vurdere innføring av eigen vektarmodell slik Ruter har gjort. b. Skyss ved Hallvard peika på at utfordringane i Vestland ikkje er dei same som hos Ruter, og at ei slik modell ville vurderast dersom ein opplever økt problem ved unna sniking frå kontrollar. 3. Rutetider og fastsetting	Skyss



	a. Spørsmålet svare ut i punkt 4.3.																
7	Evaluering av dagens møte Deltakarane oppfatta møtet som positivt.																
8	Dato for møte – møteplan 2026 <table><tr><th>Kvartal</th><th>Dato</th><th>Klokkeslett</th></tr><tr><td>1. kvartal</td><td>Tysdag 17/2-26</td><td>10.00 – 13.00</td></tr><tr><td>2. kvartal</td><td>Tysdag 26/5-26</td><td>10.00 – 13.00</td></tr><tr><td>3. kvartal</td><td>Tysdag 22/9-26</td><td>10.00 – 13.00</td></tr><tr><td>4. kvartal</td><td>Tysdag 24/11-26</td><td>10.00 – 13.00</td></tr></table> Det vert kalla inn til møter i 2026 basert på dette.	Kvartal	Dato	Klokkeslett	1. kvartal	Tysdag 17/2-26	10.00 – 13.00	2. kvartal	Tysdag 26/5-26	10.00 – 13.00	3. kvartal	Tysdag 22/9-26	10.00 – 13.00	4. kvartal	Tysdag 24/11-26	10.00 – 13.00	
Kvartal	Dato	Klokkeslett															
1. kvartal	Tysdag 17/2-26	10.00 – 13.00															
2. kvartal	Tysdag 26/5-26	10.00 – 13.00															
3. kvartal	Tysdag 22/9-26	10.00 – 13.00															
4. kvartal	Tysdag 24/11-26	10.00 – 13.00															